

Bjørnafjorden kommune



BUDSJETT 2025

ØKONOMIPLAN

2025 - 2028



Livskraftige og berekraftige tettstadar og bygder!



Innhald

1. Innleiing	3
1.2 Samfunnsmål, visjon og verdiar:	4
2. Senterpartiet sitt mål/fokus for budsjettforslaget 2025:	4
3. Auka rammer, sektor for sektor:	6
3.1 Oppvekst og barnehage	7
3.1.1 Skulestruktur	7
3.1.2 Auka rammer for skule/oppvekst 5 mill.	7
3.1.3 Ung arena og open hall Fjorden arena 750 000.	7
3.1.4 Torsdagsklubben 500 000,-	8
3.1.5 Støtte til utdanningsmesse 100 000,	8
3.1.6 Kommunepsykolog 1,2 mill.....	8
3.2 Helse og omsorg	8
3.2.1 Prosjekt-dimensjonering helsetjeneste 12,5 mill	8
3.2.2 Seniordrosje - ordninga 200 000,-.....	9
3.2.3 Auka dagsenterplassar, inkl transport 0.5 mill.:.....	9
3.2.4 Crux vindfanget - vidareføra tiltaket etter 1.1.2025 1,5 mill:	10
3.2.5.....	10
3.3 Samfunn	10
3.3.1 Stimulerande tiltak for busetjing i søre delen av kommunen 250 000	10
3.3.2 Ingen endring i parkeringstid 0,5 mill.:	11
3.3.3 Grendalagsmidler 1 mill	11
3.3.4. KommUNET.....	11
3.3.5 Styrka biblioteket 500 000,-	12
4. Driftsbudsjett totaloversikt	13
4.1 Bruk av fond	14
5 Investeringsbudsjett	15
6 Forslag til vedtak	15
7 Verbalforslag	16

1. Innleiing

1.1. Senterpartiet sitt forslag til kommunebudsjett 2025 for Bjørnafjorden kommune og økonomiplan for 2025 -2028.

Budsjettframlegget tek utgangspunkt i kommunedirektøren sitt samla budsjettokument lagt fram 31.10.24 i kommunestyret. Endringsframlegg eller føringar i høve kommunedirektørens budsjettokument er kommentert nærare under.

Neste år og åra fram mot 2028, vil vera både krevjande og tøffe økonomiske år for Bjørnafjorden kommune. Innbyggjarane og tilsette vil merka endra tenestenivå og korleis ein løyser oppgåvene framover. Det må arbeidast godt for å finna rett tenestenivå til innbyggjarane. Kommunen må få kontroll på utgiftene, samtidig som inntektene til kommunen må aukast.

Samarbeid og samhandling med frivillig sektor må vidareutviklast. Ein må bygga fellesskap og prøva å skapa felles plattform for alle innbyggjarane i heile kommunen. Senterpartiet meiner det gjer ein best ved å ta alle med, - uansett kor ein bur i Bjørnafjorden kommune.

Ressursane og resultatane kjem ved å skapa både i lag, - og på lag. Samfunnsplanen for Bjørnafjorden seier noko om dette. Den vart vedteke hausten 2022. La oss aktivt bruka samfunnsplanen som styringsverktøy dei kommande åra.

Vi veit det tar tid å byggja ein kommune med felles kultur og identitet. Kommunevalperioden 2023-2027 er eit steg på denne vegen. Det er 5 år sidan kommunesamanslåinga vart gjennomført og vi må korta ned tida til vi har eit fellesskap. Det er umåteleg viktig at vi klarer å utvikla **heile** kommunen for å nå mål om:

"Det gode liv for alle."

Senterpartiet meiner om ein skal lukkast med å ta eit steg vidare med Bjørnafjorden kommune, må ein vera bevisst på å ta heile den flotte kommunen i bruk. Gode grunnleggande tenester på begge sider av fjorden er noko av det som må ligga i botn. Dette med bakgrunn i lange avstandar og fjorden som deler kommunen. Sp meiner vi har eit godt stykke igjen før vi er ein samla kommune.

Utviklinga av kommunen vår og lokalsamfunna i sær, er eit felles ansvar – eit samarbeidsprosjekt mellom innbyggjarar, tilsette, politikarar, frivilligheita og andre samfunnsaktørar er avgjerande for å komme oss vidare med Bjørnafjorden kommune.

1.2 Samfunnsmål, visjon og verdier:

Senterpartiet vil også i år retta fokuset på Bjørnafjorden kommune **sitt samfunnsmål, sin visjon og sine verdier**. Desse retningane er viktige å styra etter i denne 4-årsperioden.

Samfunnsmål: **DET GODE LIV FOR ALLE!**

Visjon (kva vil oppnå): **EIT RAUST OG ATTRAKTIVT LOKALSAMFUNN MED EVNE OG VILJE TIL NYSKAPING.**

Verdier:

- Vi lyttar med respekt**
- Vi er inkluderande**
- Vi finn smarte løysingar**
- Vi gjer det vi seier**

2. Senterpartiet sitt mål/fokus for budsjettforslaget 2025:

- 1) Balanse i økonomien innan 2028, - helst utan bruk av eigedomskatt
- 2) Arbeide for å bygga eit fellesskap og gode tenester i **heile** kommunen
- 3) Godt ytringsklima, samt opne og ryddige arbeidsforhold for alle tilsette
- 4) Forutsigbart, effektivt og godt planarbeid, samt sikker og god drift av kommunen

Kommunedirektøren sine framlegg til budsjett både i 2023, 2024 og 2025, samt kommunedirektøren sin økonomiplan for 2025-2028, viser framleis alvor og den store økonomiske utfordringa kommunen står i. Ein har ikkje klart å snu den økonomiske utviklinga. "Robek-lista eller eigedomskatt ser ein i horisonten.

I 2022 skreiv kommunedirektøren " *Vi må komme dit at vi har ei drift kor utgiftene ikkje er større enn inntektene*". I 2023 skriv kommunedirektøren han har snudd alle steinar. Det er

ikkje meir å finne på ned trekk. Han antydar han vil måtte komma med ei sak til kommunestyret om eigedomskatt, allereie no i 2025.

Senterpartiet registrer at kommunedirektøren i år meiner at han legg fram eit realistisk budsjett, men med tøffe økonomiske rammer. Han salderer budsjettet med alvorlege trekk på tenestene og tenestenivået, samt brukar han av oppsparte midlar i fond (pensjonsfond). Han skriv at det vil smerte, og vi må slutte med ting, - men legg til, det er mogeleg å få budsjettet i balanse.

For budsjettåret 2024 var Senterpartiet sær s uroleg for at kommunaldirektøren sitt budsjettforslag vart alt for tøft. SP var i stor tvil om vi klarte å oppretthalda lovpålagte tenester. Det viste seg at vi fekk rett.

Så langt i 2024, ser vi ut til å gå med eit meirforbruk på **62 millionar kroner** i tillegg til at vi bruker **65 millionar kroner** frå pensjonsfond Storebrand. Det ser ut til at vi kjem til å bruka rundt **130 millionar kroner** meir, - enn det vi eigentleg har økonomi til i 2024. Dette uroa oss stort for 2025.

Sp legg merke til kommunedirektøren fortel at det ikkje er noko i vegen med **budsjettdisiplinen** i organisasjonen, men dei økonomiske rammene er for stramme. Senterpartiet meiner vi må sjå etter anna inntektspotensial enn det som ligg i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett og økonomiplan. AP/Sp-regjeringa har løyvd ekstra rammeoverføringar på vel 20 mill. kr til kommunane for 2024 og åra etter. I tillegg kjem inntekter frå Havbruksfonden. I 2024 vart det på 40,4 mill.

Bjørnafjorden kommune må ikkje komma der at intensjonen om å ta heile kommunen i bruk, vert prioritert bort. Det er svært viktig for Senterpartiet at ein har fokus på heile kommunen. Også i 2025 må ein justere nokre av dei økonomiske rammene i forhold til kommunaldirektøren sitt framlegg. Senterpartiet er glad for at kommunedirektøren følgjer opp det som Senterpartiet sa ved budsjett 2024, auka rammer til oppvekst.

Sp ønskjer å auka ytterlegare denne gangen også.

Framlegget til ned trekket på helse- og omsorgssektoren på 15 mill. i 2025, trur ikkje Senterpartiet er realistisk. Prosjektet Agenda Kaupang og omstilling innan helse treng truleg lengre tid for å materialisera eit ned trekk, om det er noko å hente i det heile. Vi er usikre på om det er realistisk med tankane på fleire og fleire eldre i kommunen.

3. Auka rammer, sektor for sektor:

For å imøtekomme noko av uroa, vel SP å gjera nokre endringar i høve budsjettet til kommunaldirektøren, mellom anna følgjande:

	2024	2025	2026	2027
Oppvekst				
Auka rammer, tidlig innsats	5 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Ung arena, Fjorden arena	750 000	750 000	750 000	750 000
"Torsdagsklubben"			500 000	500 000
Støtte til utdanningsmesse	100 000	100 000	100 000	100 000
Kommunepsykolog	600 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Helse				
Prosjekt Helsetjenester	12 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Seniordrosja	200 000	200 000	200 000	200 000
Støtte til pensjonistorganisasjonar	200 000	200 000	200 000	200 000
Auka dagsenterplassar	500 000	500 000	500 000	500 000
Crux Vindfanget	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Samfunn				
Støtteordning for bustadetablering	250 000	350 000	350 000	350 000
Parkering Osøyro	500 000	500 000	500 000	500 000
Grendalagsmidler	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Oppretthalde og styrke biblioteket	500 000	500 000	4 500 000	4 500 000
Transportordning ungdom	400 000	400 000	400 000	400 000
Ferdigstille områdeplan Strandvik	500 000			
Ferdig landbruksplan	300 000			
Kommunetunet				
Felles				
Redusere løn og godgjersle til politikarar	- 350 000	-350 000	-350 000	- 350 000
Stab	0	0	0	0
Total	24 450 000	26 850 000	31 350 000	31 350 000

3.1 Oppvekst og barnehage

3.1.1 Skulestruktur

Kommunedirektøren ønskjer å vurdere skulestrukturen på nytt i framlegget til budsjett og økonomiplan. Dette er me i Senterpartiet imot. Skulane våre, saman med barnehagane, er hjørnesteinar for vekst, utvikling og aktivitet i kommunen. Skular i nærmiljøet er avgjerande for gode oppvekstvilkår, framtidstru og eit levande bygdesamfunn. Den verdiskapinga dei bidreg med, må me verne om. Difor står me fast på at dagens skulestruktur skal bevarast.

3.1.2 Auka rammer for skule/oppvekst 5 mill.

I lang tid har kommunen drifta skulane billegare enn samanliknbare kommunar. Skulesektoren har hatt stramme rammer, og handlingsrommet har vore lite. Dette prøvde me i Senterpartiet å gjere noko med i vårt budsjettforslag i fjor, då me la inn ekstra midlar til skuleområdet. Det er derfor gledeleg å sjå at kommunedirektøren har følgd oss på dette området og i år har auka midlane til denne sektoren. Me er likevel usikre på om rammene er store nok med tanke på dei utfordringane me ser innanfor området.

Me ønskjer derfor å styrkje desse rammene ytterlegare, slik at skulane får betre vilkår til å arbeide med miljøarbeid, tidleg innsats og til å vidareføre det viktige arbeidet innan lesing. Ein slik satsing er avgjerande for å sikre at alle elevane våre får ei god og rettferdig start på utdanningsløpet.

3.1.3 Ung arena og open hall Fjorden arena 750 000.

Aktivitet for ungdom på fritida er heilt avgjerande for å sikre eit trygt og godt oppvekstmiljø. Difor ønskjer me fleire dagar med open hall og gratis aktiviteter både i Ung Arena og Fjorden Arena. Ungdom treng ein stad å kome til, der dei kan treffa andre. Og der dei kan møter trygge vaksne som er tilgjengelege for ein prat når livet kan kjennast krevjande. Dette er eit viktig tiltak innan både ungdomsarbeidet og det førebyggjande arbeidet i kommunen.

Me treng at kommunen prioriterer og opprettheld tilbod med aktiviteter for ungdommen. Me ser på dette som ein nøkkel til å skape tryggleik, inkludering og eit godt sosialt miljø for barn og unge. Dette er ikkje berre eit tilbod, men ein investering i framtida vår.

3.1.4 Torsdagsklubben 500 000,-
 Barna som er på Torsdagsklubben har særskilde behov og vi veit at vennskap oppstår på tvers av skular. Å få gode opplevingar saman med andre med like utfordringar og behov, styrkjer kjensla av fellesskap, og er med på å betra skulekvardagen for ei sårbar gruppe. Senterpartiet ønskjer sikra dette tilbodet vidare i dei to siste åra av økonomiplanen også.

3.1.5 Støtte til utdanningsmesse 100 000,

Bjørnafjorden utdanningsmesse er ein viktig samhandlingsarena for ungdom under utdanning og ulike opplærings- og næringslivsaktørar. Vi håper at Bjørnafjorden Utdanningsmesse blir utvikla vidare. Utdanningsmessa kan vera eit slikt rom der elevane i 9 og 10. klasse på ungdomskulane og elevane på vidaregåande skule sine elevar møter bedrifter og høgare utdanningsinstitusjonar i si jakt på å finne eit yrkesmessig ståstad. SP vil trygga finansieringa dei neste 4 åra.

3.1.6 Kommunepsykolog 1,2 mill
 Senterpartiet vil styrke kommunepsykologtenesta med eit årsverk i 2025 og utover. Dette ser vi som nødvendig å gjera med bakgrunn i psykiske utfordringar har auka dei seinare åra, ikkje minst blant unge.

3.2 Helse og omsorg

3.2.1 Prosjekt-dimensjonering helseteneste 12,5 mill

Kommunedirektøren har i sitt budsjettforslag lagt inn innsparingar innan helsesektoren, knytt til prosjektet «dimensjonering av helsetenestene» i samband med den venta rapporten frå Agenda Kaupang. Me i Senterpartiet er usikre på om desse innsparingsmåla er realistiske, og med bakgrunn i den store usikkerheita rundt prosjektet har me valt ei meir nøktern tilnærming i vårt budsjettforslag. Me har derfor justert ned denne innsparinga.

Sjølv om me støttar eit sterkare fokus på førebygging og at fleire innbyggjarar får hjelp lenger nede i tenestetrappa, er det viktig å erkjenne at me i ein

overgangsperiode må klare å gjere begge delar. Dette vil truleg føre til høgare kostnader i ei tid framover, me meiner det er nødvendig for å sikre ei god og trygg omstilling av helsetenestene i kommunen. Senterpartiet vil alltid setje innbyggjarane sine behov først, og me meiner dette er den mest ansvarlege vegen å gå.

3.2.2 Seniordrosje - ordninga

200 000,-

Me meiner at kampen mot einsemd blant eldre må vere ein viktig del av kommunen sitt arbeid. Mange eldre opplever einsemd, og det er avgjerande at me har tilbod som gjer det mogleg for dei å kome seg ut, treffe andre og delta i aktivitetar som gir meining og glede. Eit slikt tiltak er Seniordrosja, som pensjonistforeininga organiserer, og som kommunen har gitt tilskot til tidlegare. Dette tilbodet er eit flott døme på korleis me kan gjere det enklare for eldre å delta i sosiale aktivitetar, til tross for utfordringar med transport eller andre praktiske hindringar.

Senterpartiet ønskjer å sikre at ordninga med Seniordrosja vert vidareført og styrkt. Slike tiltak er med å skapar livskvalitet og bidreg til at fleire kan halde seg aktive, sosialt inkluderte og oppleve ein trygg og verdig alderdom. For oss er det sjølvstøtt at kommunen må støtte opp om slike initiativ, og me ønskjer å jobbe for at fleire får tilgang til denne typen tilbod. Ingen skal måtte sitje åleine utan høve til å delta i fellesskapet. Dette er både god politikk og eit uttrykk for det varme samfunnet vi ønskjer å vere.

3.2.3 Auka dagsenterplassar, inkl. transport

0.5 mill.:

Eit godt tilbod av dagplassar for eldre med demens er heilt avgjerande for å sikre trygge aktive og verdige kvardagar. Det er i dag stor pågang på fleire som ønskjer utvida tilbud. Då er det viktig å ha dagsenter som kan tilbyr ulike aktivitetar. Dette er ein viktig ressurs både for dei eldre og for deira pårørande. Slike tilbod gir ikkje berre sosialt fellesskap og meningsfulle aktivitetar, men bidreg òg til å oppretthalde funksjonsnivået og livskvaliteten for personar med demens.

For å sikre at fleire kan nytte seg av desse tilboda, er det heilt nødvendig å ha gode transportordningar på plass. Mange eldre og deira pårørande slit med å få organisert transport, og utan eit tilrettelagt skyssopplegg vil mange stå utan moglegheit til å delta. Kommunen må derfor prioritere både nok dagplassar og transportordningar, slik at dei eldre med demens får tilgang til desse viktige tenestene, uavhengig av kvar

i kommunen dei bur. Dette er ikkje berre ei investering i helse og trivsel, men òg ein måte å støtte pårørande i ein krevjande kvardag.

3.2.4 Crux vindfanget - vidareføra tiltaket etter 1.1.2025 1,5 mill:

Senterpartiet ønsker å oppretthalda tilskotet til Crux. Vi ser at dei er ein viktig bidragsytar innanfor kvalifiseringsprogrammet og det arbeidet dei her gjer.

Senterpartiet meiner dette er ein vinn/vinn situasjon for kommunen og brukarane.

3.2.5 Effektivisering

Kommunedirektøren har i sitt framlegg til budsjett lagt inn nokre generelle innsparingstiltak innanfor helseområdet, mellom anna på legevakt og legeteneste, og innanfor samfunnsutvikling på brann og redning. Desse innsparingstiltaka er ikkje konkretiserte frå kommunedirektøren, me i Senterpartiet ynskjer å vere tydelege på at desse ikkje må gå ut over ordningane me nyleg fekk på plass. Dette gjeld både opprettholdinga av legevakta i Eikelandsosen og vaktlagsordninga på brannstasjonen i Eikelandsosen. Me vil òg vere klare på at slike tiltak ikkje må gå ut over beredskapen i kommunen.

3.3 Samfunn

3.3.1 Stimulerande tiltak for busetjing i søre delen av kommunen 250 000

Å bidra til livskraftige lokalsamfunn i heile kommunen er viktig for oss. Difor ønskjer me no å sjå på konkrete tiltak i kommunen for å stimulere til busetjing i bygder som opplever nedgang i vekst og utvikling. Me håpar ved å gje økonomiske insentiv og støtte til unge og familiar som ønskjer å busetje seg i våre bygder, kan me skape ny vekst, sikre grunnlaget for skular, næringsliv og frivillig aktivitet, og gjere bygdene meir attraktive. Det skal vere like moglegheiter for folk uansett kvar dei bur. Dette er ikkje berre eit viktig distriktsgrep, men ein investering i framtida til heile kommunen.

Gjennom målretta tiltak for busetjing kan me byggje sterke og levande lokalsamfunn der folk trivst og har lyst til å bli buande.

3.3.2 Ingen endring i parkeringstid 0,5 mill.:
Senterpartiet ønskjer ingen endring av parkeringsregimet dette året.

3.3.3 Grendalagsmidler 1 mill

Sterke lokalsamfunn er grunnsteinen i ein berekraftig og inkluderande kommune. Difor vil me arbeide for å etablere grendelagsmidlar som ein støtteordning for å styrke lokale aktivitetar, arrangement og trivselstiltak i grendene. Slike midlar meiner me vil gje lokalt engasjement eit løft, skape møteplassar og byggje fellesskap gjennom aktivitet og frivillig innsats.

Grendelag og bygder er hjartet i det norske samfunnet, og det er viktig å leggje til rette for at folk i alle aldrar kan samlast og delta i lokale tiltak. Grendelagsmidlar er for oss derfor eit naturleg grep for å styrke lokalsamfunna våre.

3.3.4. Kommunesynet

Kommunedirektøren har i sitt budsjettforslag føreslått å leggje Kommunesynet ut for sal. Dette er me i Senterpartiet sterkt imot. Kommunesynet er eit symbol på kommunen si identitet og nærvær på Fusa-sida av fjorden. I staden for å selje dette viktige bygget meiner me at kommunen bør finne nye og innovative løysingar for å sikre nærheit og funksjonen som Kommunesynet representerer på denne sida av fjorden.

I dag huser Kommunesynet både biblioteket, BUA og fleire kontor. Å selje eit så sentralt offentleg bygg midt i prosessen med å skape ein felles kultur og identitet for den nye kommunen, meiner me i Senterpartiet vil vere uheldig. Bygget har ein viktig symbolverdi og ein praktisk funksjon som ikkje må undervurderast.

Me ber derfor kommunedirektøren om å tenkje nytt rundt bruken av Kommunesynet. Det må vurderast korleis bygget kan tilpassast nye formål, slik at det også i framtida kan vere ein synleg og viktig del av kommunen si tilstade på Fusasida. Kommunesynet bør vidareførast som eit bygg som representerer kommunen som institusjon og som legg til rette for aktivitet, samhald og identitet i lokalsamfunnet.

3.3.5 Styrka biblioteket

500 000,-

Me i Senterpartiet er uroa over innsparingsforslaga som er lagt fram for bibliotekdrifta i kommunedirektøren sitt budsjett. Sjølvstakt kan det vere mogleg å spare litt gjennom ny lokalisering og rimelegare husleige, men me kan ikkje støtte innsparingar som går på bekostning av sjølve tilbodet. Biblioteket er mykje meir enn berre ei samling bøker – det er ein kulturarena, ein sosial møteplass og ein viktig ressurs for å styrkje leselyst og læring.

Lesing er grunnleggande for både personleg utvikling og samfunnsdeltaking, og eit godt bibliotekstilbod spelar ei stor rolle i å fremje denne interessa, spesielt blant barn og unge. Samstundes er biblioteket ein stad der folk i alle aldrar kan møtast, delta på arrangement og oppleve kultur. For mange er biblioteket òg ein trygg og tilgjengeleg stad for sosial kontakt, noko som er særleg viktig i ein tid der einsemd er ei aukande utfordring.

Me meiner det er heilt nødvendig å sikre at innbyggjarane på begge sider av fjorden har tilgang til biblioteket. Det handlar om å ha eit nært og tilgjengeleg tilbod som gir like moglegheiter for alle, uavhengig av kvar dei bur. Biblioteket er ein del av infrastrukturen i lokalsamfunnet, og me ser det som ei investering i både kultur, kunnskap og samhald.

Difor vil me i Senterpartiet jobbe for at bibliotektilbodet ikkje berre vert oppretthalde, men styrkt, slik at det kan vere ein ressurs for alle innbyggjarar i Bjørnafjorden kommune.

4. Driftsbudsjett totaloversikt

Dei auka kostnadene vil verta justert ved meir bruk av fond, auka skatteinngang, redusert rente og avdrag på lån, reduserte overføringar og evt. innføring av ein moderat eigedomskatt i 2026/2027 for å sikre tenestetilbodet, med intensjon om å avvikla eigedomskatten så snart ein får balanse i inntekter/utgifter. Ei slik inntekt skal ikkje vere ei kvilepute for kommunen, men eit verktøy som hjelper oss gjennom ei utfordrande økonomisk tid.

Tiltak	2025	2026	2027	2028
Frie/ ekstrainntekter/fond				
Havbruksfondet - auka inntekter	- 5 000 000	- 12 000 000	- 5 000 000	- 12 000 000
Auka statlege overføringar	- 20 000 000	- 20 000 000	- 20 000 000	- 20 000 000
Auka skatteinntekter	- 2 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000
Inntrekk overføring - Oseana	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000	- 1 000 000
Auka bruk av premiefond	- 10 000 000			
Eigedomskatt			-16 000 000	- 25 000 000
Delsum	- 38 000 000	- 37 000 000	- 46 000 000	- 62 000 000
Fellesområde				
Trekk godgjersle til ordførar/varaordførar ++	- 350 000	- 350 000	- 350 000	- 350 000
Trekk i formannskapetets disp.fond	-300 000			
Delsum	-650 000	-350 000	-350 000	-350 000
Stab				
Delsum				
Oppvekst				
Ung Arena, Fjorden Arena	750 000	750 000	750 000	750 000
Auka rammer til skule/barnehage tidlig innsats/lesing/miljø	5 000 000	5 000 000	10 000 000	10 000 000
Oppretthalda Torsdagsklubben			500 000	500 000
Kommunepsykolog	600 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Støtte utdanningsmesse	100 000	100 000	100 000	100 000
Delsum oppvekst	6 450 000	7 050 000	12 550 000	12 550 000
Helse og velferd				
Prosjekt – dimensjonering tjenester	12 500 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Seniordrosje-ordning	200 000	200 000	200 000	200 000
Støtte til pensjonistorganisasjoner	200 000	200 000	200 000	200 000
Auka dagsenterplassar inkl transport	500 000	500 000	500 000	500 000
Crux Vindfanget	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Delsum helse og velferd	14 900 000	12 400 000	12 400 000	12 400 000
Samfunnsutvikling				
Støtteordning for bustadetablering	250 000	350 000	350 000	350 000
Ingen endring i parkeringstid	500 000	500 000	500 000	500 000
Grendalagsmidler	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Oppretthalde og styrka biblioteket	500 000	500 000	4 500 000	4 500 000
Transportordning ungdom	400 000	400 000	400 000	400 000
Ferdigstille områdeplan Strandvik	500 000			

Ferdig landbruksplan	300 000			
Kommunetunet				
<i>Delsum samfunnsutvikling</i>	3 450 000	2 750 000	6 750 000	6 750 000
Finans				
Redusert utbytte BUS AS	10 000 000	5 000 000		
<i>Delsum</i>	10 000 000	5 000 000		
Sum endringer				
Totalt auka rammer etter endringer	34 150 000	26 850 000	31 350 000	31 350 000
Til avsetning	3 850 000	10 150 000	14 650 000	30 650 000

4.1 Bruk av fond

Premiefond				
	2025	2026	2027	2028
Fondsbruk innstilling	65 796 000	35 582 000	17 564 000	11 564 000
Saldo 1.1.	168 000 000	92 204 000	56 622 000	39 058 000
SP` s bruk av premiefond	10 000 000			
Totalt forbruk av fond	75 796 000	35 582 000	17 564 000	11 564 000
Saldo premiefond 31.12.	92 204 000	56 622 000	39 058 000	27 494 000

5 Investeringsbudsjett

Senterpartiet har følgende endringer i høve kommunedirektøren sitt forslag til investeringsbudsjett.

Investeringer				
	2025	2026	2027	2028
Læremateriell	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Velferdsteknologi	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Trafikksikring	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Omsorg+	2 500 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Steinavika	1 000 000	1 000 000		

I tillegg har vi i slutten av perioden vi lagt inn 15 millioner over 3 år til prosjekt omsorg+.

2025 er Friluftslivets år. Av den grunn legg vi ekstra midlar inn til mellomanna til utvikninga av Steinavika.

6 Forslag til vedtak

Bjørnefjorden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2025/økonomiplan 2025 – 2028, justert med endringane i dette dokumentet.

7 Verbalforslag

7.1 *Eit steg vidare for Bjørnafjorden kommune*

Kommunestyret ber kommunedirektøren leggja fram ei sak om korleis ein kan gjennomføra samfunnsplanen sin intensjon om innbyggarmedverknad:

Aktuelle tema kan vera:

- Korleis leggja til rette for at folk kan trivast i heile kommunen.
- Korleis skapa større fellesskap, samhandling og forståing mellom innbyggjarane i Bjørnafjorden.
- Gode vegar og kommunikasjon som bind kommunen saman.
- Korleis involvera innbyggjarane til å vera med og ta ansvar for sitt nærområde og sambygdingar.
- Korleis kan ein utvikla lokale ressursar og eigenart, og bruka desse resursane til det beste for alle.
- Kva er det som samlar innbyggjarane?

Sidan kommunen vår er sett saman av to geografisk/demografisk ulike kommunar med ulike tradisjonar for samhandling, er det viktig med fellesprosjekt og møteplassar på begge sider av fjorden

7.2 *Utgreia potensiale eigedomskatt*

Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreia moglegheitene som ligg i inntekspotensiale for eigedomskatt i Bjørnafjorden kommune.

7.3 *Transportordning*

Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie moglegheita for å etablere ei ordning med transport/skyss i dei delane av kommunen der busstilbodet er mangelfullt eller ikkje eksisterande. Ordninga kan vere inspirert av tiltak som «Hent meg» eller «Heim for ein 50-lapp», med mål om å sikre ungdommen eit fleksibelt og rimeleg transporttilbod.

Utgreiinga skal inkludere kostnadsoverslag, organisering og samarbeid med lokale aktørar, samt korleis ordninga kan tilpassast dei behova som finst i ulike delar av kommunen. Kommunedirektøren skal leggje fram ei vurdering av dette for kommunestyret innan 1.6.2025.

Senterpartiet viser til Vestland fylkeskommune sitt program "Lokaltransport for ungdom"(LTU). Her kan kommunane saman med ungdomsråda søkje om midlar til lokale transporttilbod for ungdom, primært retta mot ungdom mellom 13 og 19 år.

7.4. *Grendelagsmidler*

Kommunestyret ber om at det vert oppretta ei ordning med grendelagsmidlar, der grendelag kan søkje om økonomisk støtte til aktivitetar som styrkjer fellesskapet og fremjar aktivitet og trivsel i lokalmiljøa.

Ordninga skal vere open for grendelag som ønskjer å gjennomføre tiltak som til dømes:

- Sosiale møteplassar som kafédagar, kulturkveldar eller ungdomstreff
- Idretts- og friluftaktivitetar, som turløyper, aktivitetsdagar eller trimgrupper
- Tiltak for barn og unge, som hobbyverkstadar, leik og aktivitetskveldar
- Miljøtiltak, som dugnadar, opparbeiding av nærområde eller små infrastrukturprosjekt

Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide retningslinjer for søknadsprosessen, kriterium for tildeling og ei ramme for midlane, og leggje dette fram for politisk behandling.

7.5 *Landbruksplan – ferdigstilling.*

Kommunestyret minner kommunedirektøren om forventningar som er skapt om at landbruksplanen for Bjørnafjorden kommune vert lagt fram til politisk handsaming innan utgangen av mai 2025 og endeleg handsaming i kommunestyret same år.